

**FYLKESMANNEN BER OM INNSPEL****Grensejustering av Ullensvang sin del av Oksenhøvda?**

Oksen Grendalag har sendt Fylkesmannen ynskje om grensejustering av Ullensvang sin del av Oksenhøvda, og vonar det kan tre i kraft parallelt med kommunesamslåing i 2020. Dei 34 som har signert ynskjet om at gredene Kaland/Djønno til Tjoflot vert «knytt til Granvin eller ein ny Hardanger nord kommune»,

melder samstundes at dersom innbyggjarinitiativet frå Kinsarvik/Lofthus om å gå nordover, vert realisert, «er det naturleg for Oksenhøvda å vera ein del av dette». Dei finn det unaturleg å fylgja heradet i ein ny kommune med Jondal og Odda, med komunesenter i Odda.

Fylkesmannen oppfattar brevet

som søknad om utgreiing etter Inndelingslova, og reknar med at han kjem frå folk med såkalla initiativrett. Sidan initiativet ikkje var handsama i samband med kommunereforma, må det opp som sjølvstendig sak uavhengig av vidare handsaming av vedtak gjort i samband med kommunereforma. Vert søknaden innfridd, må

det oppretta ny kommunegrense i fjorden. Det er eventuelt Fylkesmannen som vil stå for utgreiinga - med medverknad frå kommunale organ i saksførebuinga. Det er i hovudregel departementet som avgjer om utgreiing skal igangsetjast, men Fylkesmannen har fått delegert avgjerdsmynne i saker som ikkje er del av

fylkesgrense. Staten sin forlenga arm i Hordaland ber om innspel frå Granvin og Ullensvang herad. Jondal, Odda og Voss kommunar er orienterte, sidan dei skal- eller er i samtalar om samanslåing med høvesvis Ullensvang og Granvin. Frist for tilbakemeldingar er innan februar i år. Ullensvang set saka på kartet i sitt februarmøte.

**■ Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hardanger****Synleggjere og ta vare på**

**Riksantikvaren har peika ut ni landskap i Hordaland som han meiner har nasjonal interesse. Dei vil han ha med i eit register.**

METTE BLEKEN  
mette@hardanger-folkeblad.no

Målet med registeret er å bidra til god forvalting av landskap. Kulturminneforvaltinga vil slik bidra til meir føreseieleg arealplanlegging og forvalting av landskapa. Klima- og miljøverndepartementet har initiert prosjektet, der tre utvalde landskap ligg i Hardanger; Ullensvang, Eidfjord og Odda.

**Askeladden**

«Kommunane kan gjennom aktiv planlegging og forvalting bidra til å utvikla landskapa som ein ressurs for innbyggjarane og som grunnlag for næringsverksamhet og arbeidsplassar, som til dømes innan reiseliv», står det i brevet som er sendt dei aktuelle elleve kommunane. Åtte av dei har komme med attendemeldingar og innspele. Ulvik jobbar med kulturminneplan for og ynsker å innlemma eit område ved Finse knytt til Bergensbanen på lista, men har førebels ikkje fått det inn.

I 2013 starta eit forprosjekt for Hordaland. Østfold fekk sitt register ferdigstilt i 2015. Fleire fylke er i gang - og målet er å dekka heile landet - og legge desse landskapa inn i kulturminnedatabasen Askeladden.



**NASJONAL INTERESSE:** Detalj frå Ringedalsdammen - del av industrireisinga- og eventyret i Odda.

**ARKIVFOTO: M. BLEKEN**

Dei aktuelle kommunane har fått framlegga frå Riksantikvaren på høyring, og fleire hadde merknadar, noko det er freista teke omsyn til i det endelige oversynet. Mellom anna har Riksantikvaren hatt møte med både Ullensvang og Kvinnherad i saka.

Hordaland fylkeskommune hadde og innspele. Dei åtvarar

mot at stadig fleire landskapsområde får ulik kategori vernestatus, og hevdar at «dette ikke bidrar til å gjøre planprosesser enklere, eller å avklare plankonflikter, men gjør det tvert i mot forvirrende for tiltakshaver og planmyndigheter». Dei ynskjer prosessen stogga til konsekvensar av status som «kulturhistorisk landskap av

nasjonal interesse» er klargjort, noko Riksantikvaren meiner dei har oppklarande svar på i sine merknadar.

**Plan**

Riksantikvaren ser Plan- og bygningslova som viktig verkemiddel, og oppmodar kommunane til å synleggjera og vareta landskapsverdiane i arealpla-

nane sine og å ta omsyn til verdiane når område vert utvikla. Eit hovudtiltak er å setta kulturhistoriske landskap i såkalla omsynssone c) i kommuneplanen sin arealdel.

Gjennom registeret vil ein og synleggjera landskapet som heilskap av natur og kultur.

**Lokale kulturhistoriske nasjonale landskap**

**Landskap i Ullensvang, Odda og Eidfjord er valt ut som kulturhistorisk interessante på nasjonalt plan.**

METTE BLEKEN  
mette@hardanger-folkeblad.no

I Odda er det Indre Sørfjorden med kraft- og industrilandskap som er peika ut.

I Ullensvang; Noregs fruktage.

I Eidfjord er det jernvinneanlegg og gravminne, samt ferdslevegar mellom aust og vest som er trekt fram som kultur-

historisk og nasjonalt viktig.

*Utdrag frå rapporten:*

**Odda**

«Landskapet der dalen møter fjorden er trøngt mellom høge fjell, der høgtliggende vatnssystem ligg i fjelldalane ovafor. Fjorden er isfri, og elva Opo renn ut i fjordbotnen der strandstaden Odda ligg. Her er ein naturleg ferdsleveg sørover til pilegrimsmålet Røldal (...)

Lenger oppe i dalen, aust for elva Opo, ligg nokre få tun som vitnar om det gamle bonde-

samfunnet i Odda».

**Ullensvang**

Tek du turen ut fjorden frå kraft- og industrilandskapet Odda, kjem du til fruktdyrkingslandskap som og er vurdert til å ha nasjonal interesse. «Fruktdyrkingslandskapet i Ytre Sørfjorden er det mest framstående landskapet av denne typen i landet. Det har stor utstrekning, einskap og visuell styrke. Det har tidsdjupne, kontinuitet og bruksverdi, og det er ein del av dei heil-

skaplege mangesyslarbruka som nyttar ressursane langs hardangefjorden frå fjord til fjell. Kulturminna på Lofthus, klyngetunet på Aga og ferdslevegane til fjellet er framståande i nasjonal samanheng. Landskapet har stor opplevingsverdi.

Landskapet er sårbart for store vegstrukturar, kraftlinjer, store endringar av gardstuna, masseuttak og industri e.l. Framhald av fruktdyrklinga er viktig for å oppretthalde landskapet sin karakter».

**Eidfjord**

«Det inntrykksterke landskapet og kulturminna i det fortel på ein framståande måte om samspillet mellom busette i dalbotnen og ved fjorden og ressursar på vidda. Gravfeltet på Hæreidterrassen står i ei særstilling i Noreg, med ei eineståande konsentrasjon gravrøyser frå eldre og yngre jernalder. Jernvinneanlegga i fjelldalane er framstående i nasjonal samanheng».

*Vil du lesa meir: Rapporten ligg på Riksantikvaren si heimeside.*